



Morten Harsvik startar no satsinga si i Uskedalen (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Morten Harsvik ligg no i startgropa for hagesenter-prosjektet i Uskedalen, som betyr at det tilsaman blir bygd 16 nye leiligheiter der hagesenteret låg og i to nye hus i området oppover mot Geilo og riksvegen. Her var eple- og plommehagen til det andre pensjonatet i bygda.**

Nabovarsel er sendt for det første byggjesteget, som omfattar rehabilitering av det noverande utleigebygget på tomte og to nye leiligheiter i dette.

Det er Teigen Bygg som har fått byggeoppdraget, opplyser Morten Harsvik til uskedalen.no.

Det er frå før seks bueiningar i bygget og dei to nye – kvar på 75 kvadratmeter – skal innreiast i første etasje der det no er lager.

Harsvik har ikkje nokon streng framdriftsplan, den avheng i høg grad av om det er mogeleg å skaffe arbeidsfolk. Men han ser ikkje bort frå at dette første byggjesteget kan vera fullført i løpet av sommaren.

Rehabiliteringa av noverande bygg inneber mellom anna at alle leilegheitene i 2. etasje får veranda.

Neste steg blir å byggja åtte nye leilegheiter oppå ein ledig grunnmur – det blir eit rekkehus med et leigeareal på 65 kvadratmeter i kvar leilegheit. Dei to nye husa ovanfor skal kvar ha tre leilegheiter.

Harsvik er optimistisk med tanke på mogelegheitene for utleige i Uskedalen og han byggjer då på dei erfaringane han har gjort så langt etter at han overtok denne eigedomen frå Oddvar Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen



Det skal bli to nye leilegheiter i bygget i bakgrunnen og åtte nye på grunnmuren i forgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)